Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 | Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Etne

Emne: Beit og Brom | Bygdelag: —

Oppskr. av: Trygve Vinje | Gard: Vinje

(adresse): Frette | G.nr. 59 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Ola Bjørk, 70 år, gardbr. Bjørk i Etne

SVAR

1. Beit (sveg) har vore mykje nytta og vert det delvis endå i forknappe tider.
2. Svega eller beita.
   Eg har elles skjøna det såleis av den måten desse orda er bruka – at sveg var dei avbrotne kvistene av skavveden – (ask. rain – osp. hegg m.v.). – medan beit var riset av slike teslag som ikkje vart nytta til skav, og det var bjørka her. Gamle folk tala om at dei var etter beit – og at dei beitte åt krøtera, når det var bjørk dei bruka. Men elles sa dei sveg og svega.
3. Vintertida og framover til varonna tok til.
   Når knuppane tok til å spretta – skogen „logga seg" (lauva seg), som dei sa, ville ikkje krøtera ha sveg eller beit – var vanleg tale og meining her
   svega – svega – svega – svega
   beita – beita – beitte –

1446

4. Sigd vart nytta til å hogga beit med. Men når dei svega ask raun o. l. braut dei toppane av med handa.

5. Kyrne fekk sveget og beitet.

6 Sauer og geiter vart stundom slepte i beitahosten ute på tunet og fekk ta der.
Beit og sveg vart gjeve krøtera såleis som det var hogge eller brote av. ~~Av~~ Ofte fekk krøtera litt halm eller høy attåt - men i vårknipa - når dei gjekk ute måtte dei greia seg med berre trefor inne

7. Nei

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1446